



Informasjon til foreldre til barn i Læringsverkstedet Bratteberg barnehage og Sollia barnehage

Volda kommune har inngått avtale med Læringsverkstedet Bratteberg barnehage AS om kjøp av barnehagen og overtaking av dei tilsette. Det er semje om at Volda kommune tek over drifta av Bratteberg barnehage 1. april 2021.

Namn på barnehagen

Frå 01.04.21 er namnet på barnehagen Bratteberg barnehage.

Vedtekter

Vedtekter for kommunale barnehagar som omhandlar opningstid og ferie i Bratteberg barnehage vert gjeldande frå 01.08.21.

<https://www.volda.kommune.no/styringsdokument/barnehage-og-skular/vedtekter-for-kommunale-barnehagar/>

Opningstid

Bratteberg barnehage vil ha same opningstid som i dag fram til 01.08.21. Etter det er opningstida 9 timer. Jfr vedtekten § 7 er det styrar, etter drøfting med SU, som har mynde til å avgjere opningstida innanfor ei tidsramme på 9 timer.

Ferie

Bratteberg barnehage vert ikkje stengt i tre veker i sommar slik som i dei andre kommunale barnehagane. Vi treng tid og rom til flytting og andre praktiske gjeremål, og vil trenge siste veka før nytt barnehageår til det. Barnehagen vert difor stengt **stengt i veke 30**.

Sollia barnehage er stengt 3 veker i sommar.

Sollia barnehage vert nedlagt

Sollia barnehage vert nedlagt 31.07.2021, og plassane vert overført til Bratteberg barnehage.

Besøk

Slik dagane er no med koronarestriksjonar, ser det ikkje ut til at barna kan møte kvarandre med det første. Det vi kan få til er at barn og foreldre i Sollia barnehage kan besøke Bratteberg barnehage etter stengetid. De vil då få ei omvising i barnehagen. Dersom dette er noko foreldre ynskjer, gi beskjed til styrar så vil vi ordne det.

Barnehageåret 2021/2022

Vi ynskjer å ta med oss det beste frå dei to barnehagane inn i nye Bratteberg barnehage. Barnehageopptaket vil vere førande for korleis vi vil organisere barnehagen neste barnehageår. Dette vil vi kome attende til så snart barnehageopptaket er gjennomført.

Vi vil lage ein plan for samanslåingsprosessen i nær dialog med leiarane, tillitsvalde og verneombod. Styrar vil involvere foreldrerådsleiar og samarbeidsutvalet i arbeidet for å sikre at overgangen til ny felles barnehage blir så god som mogelege for alle involverte.

Vi planlegg å gjennomføre eit digitalt foreldremøte i april. Vi vil då kome nærare inn på overgangen til ny barnehage. Vi vil då kunne gi meir informasjon om tilvenning, barnegrupper, personalsituasjon mm.

Det er mykje som skal avklarast framover, og mange spørsmål vil naturleg kome opp etter kvart. Felles informasjon og involvering vert viktig, og for å sikre at alle får same informasjon vil vi framover sende ut lik informasjon til foreldre i begge barnehagane.

Dersom du som forelder har spørsmål, tek du kontakt med styrar eller avdelingsleiar barnehage.

Volda, 19.02.2021

Per Ivar Kongsvik
kommunalsjef

Bodil Brautaset
avdelingsleiar barnehage